

Ve no velkomne med æra.

26.03.2018



Røyserett for Alle inviterer til jubileumskonsert i Festsalen på Kulturhuset Husnes, søndag 14. april.

Røyserett for Alle med dirigent Maria Malmsten byr inn til 30-års jubileumskonsert, og alle er over lag glade for å kunna skilta med den verdskjende pianisten Geir Botnen som gjesteartist. Berre dette skulle vera nok til å lokka mange til Kulturhuset Husnes laurdag 14.04. kl.17.30. Andre gjesteartistar er Andre Eide og Rosendal songlag med sin musikalske leiar, Eva Megyesi.

Geir Botnen frå Kvam er klassisk pianist. Han er kjend frå fleire konsertar i Baroniet, frå Hardanger musikkfest og frå festivalen Hardingtonar. Det vil føra for langt å ramsa opp merittane hans, men han kan googlast – det er til og med laga ein ganske fyldig artikkel om han på Wikipedia.

Medverkande elles: Rosendal Songlag med Éva Megyesi – piano, Andre Eide – piano, konferansier: Toralv Lura.

De vil verta med på eit lite sveip gjennom stoff Røyserett har framført opp gjennom, samt ein del innøvd spesielt for høvet. Ei lita rosin vert truleg og eit potpurri av musikalstykkje av Andrew Lloyd Webber framført av Rosendal Songlag og Røyserett for Alle.

Det er sal av billetter og alt frå i dag, tysdag, er det lagt ut billetter på SPAR Uskedalen.

Me gler oss – gjer de?

Røyserett for Alle

Tekst/foto: Svein Rimestad

Foto: Geir Botnen - med løyve frå pianisten Nett:
Kristian Bringedal



Gjestartist er den klassiske pianisten Geir Botnen frå Kvam.